

**Møteinnkalling**

<b>Utval:</b>	<b>Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland</b>
<b>Møtestad:</b>	Wigandgården 8 etg, Forskjønnelsen, Fylkeshuset, Bergen
<b>Dato:</b>	03.12.2014
<b>Tid:</b>	09:15 – 11.45

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall) eller sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Gustav Bahun  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 6/14	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 7/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 8/14	Referatsaker		
RS 5/14	Gjennomgang av FTU sine tilskotsordningar - oppstart av arbeid	2014/555	
PS 9/14	Søknad om tilskot til "Gladkontroll" i regi av TSU Nordhordland	2014/1230	
PS 10/14	Søknad om tilskot til Etertanken dag	2014/1230	
PS 11/14	Hordaland fylkeskommune som "Trafikksikker kommune"	2014/555	
PS 12/14	Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar for 2014 - nye søknader	2014/8	
PS 13/14	Ymse		

PS 6/14 Godkjenning av møteinnkalling

PS 7/14 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 8/14 Referatsaker

**Notat**Dato: 24.11.2014  
Arkivsak: 2014/555-19  
Saksbehandlar: lisadla

---

<b>Til:</b>	Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU)
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Gjennomgang av FTU sine tilskotsordningar - oppstart av arbeid**

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) rår over tre ulike tilskotordningar, jf *Handlingsplan for trafikk sikring i Hordaland 2014-2017*. Ordningane har ulike målsetjingar, og er retta mot forskjellige aktørar og type tiltak. Premissane for dei ulike ordningane varierer, og fylkesrådmannen ser at det er grunnlag for å ha ein gjennomgang av desse tre tilskotsordningane. I hovudsak er dette for å sikre at midlane vert nytta i tråd med satsingsområda i handlingsplanen og dei målsetjingane som er sett regionalt og nasjonalt for trafikk sikringsarbeidet. Som ei forlenging av dette kan det og vere grunnlag for å ha ein gjennomgang av kriteria for å motta tilskot, rutineane for tildeling og søknadsfristar.

Dei tre tilskotsordningane det gjeld er:

- Tilskot til lokale arrangement
- Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikk sikringsplanar
- Tilskot til mindre fysiske trafikk sikringstiltak

Ordninga med stimuleringsmidlar til kommunane som vert sertifisert som Trafikk sikre kommunar er ikkje ein del av det som vert rekna som tilskotsordningar, og fell dermed ikkje innunder det arbeidet som her skal startast opp.

**Om dei ulike tilskotsordningane**

Ordninga med tilskot til lokale arrangement har i inneverande handlingsplan ei årleg råde på 800.000 kr. Tilskotsordninga har eksistert i mange år, og er meint som ei støtteordning for å kunne realisere arrangement som har fokus på trafikk sikring gjennom trafikk opplæring og informasjon. Søkjarane til ordninga er kommunar, skular, barnehagar, lag og organisasjonar o.l. Gjennomgåande er det nær dei same arrangementa som søker om støtte kvart år. Nokre av desse arrangementa kan koplast direkte til satsingsområda for trafikk sikring i Hordaland og har ein tydeleg trafikk sikringsprofil, medan dette hjå andre i mindre grad er tydeleg. Det er og stor variasjon i kva tilskotmidlane vert nytta til. Nokre nyttar tilskotsmidlane direkte til trafikk sikringsdelen av arrangementet, medan det i andre tilfelle ikkje er slik.

I 2011 vart det etablert søknads- og rapporteringsskjema for ordninga ettersom ein såg at det var grunnlag for å få ei meir formell råde rundt tildelinga. Fram til 2014 var det open søknadsfrist, men i år vart dette endra til to fristar i året, 1. februar og 1. september, for å lette handsamingsprosessen.

Når det gjeld denne ordninga så er det i særleg grad grunnlag for å gjennomføre ei evaluering.

Ordninga med tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar vart etablert i førre handlingsplan (2010-2013), og fyrste tildeling fann stad i 2011. Ordninga har i inneverande handlingsplanperiode ei årleg råde på 500.000 kr. Søknadsfristen har vore sett til ein gong i året, men det har vore opna for å handsama søknader også etter fristen, når det har vore ledige midlar på denne budsjettposten, jf 2014.

I denne tilskotsordninga kan det søkjast om tilskot til mellom anna nødvendig innleige av hjelp til utarbeiding av plan, trykking osv., men ikkje til bruk av kommunale ressursar. Søknadane vert i hovudsak vurdert på grunnlag av status på planarbeidet og type arbeid det vert søkt om tilskot til.

Viktige føremål med tilskotsordninga er å sikre at alle kommunar har eigne trafikksikringsplanar og at desse jamleg vert oppdaterte. Vidare er tilskotsordninga viktig for å sikre at kommunale planar tek omsyn til sentrale føringar i fylkeskommunen sin overordna trafikksikringsplan, mellom anna ved å ha fokus på trafikantretta tiltak. Etterspurnaden frå kommunar har vore god, og ordninga fungerer som føresett. Det har sidan 2011 vore tildelt tilskot til totalt 19 kommunar.

For denne tilskotsordninga kan det vere grunn for å tydeleggjere kva som fell inn under tilskotsordninga av type arbeid med dei kommunale planane, om det bør opprettast ei eige søknadsskjema, samt om vurdering av tidspunkt for når søknadane skal handsamst i FTU.

Ordninga med tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak vart etablert for fyrste gong i gjeldane handlingsplan. Bakgrunnen for opprettinga var å kunne få gjennomført små trafikksikringstiltak som er høgt prioritert i kommunane sine trafikksikringsplanar. Det er etablert eige søknads- og rapporteringsskjema, og det er sett krav om medfinansiering. I 2014 vart det utbetalt tilskot til 14 tiltak fordelt på 11 kommunar. Ut frå dette kan ein sei at etterspurnaden frå kommunar har vore god, og ordninga fungerer som føresett. Ut frå dei erfaringane som er gjort i 2014 er det ikkje noko som tilseier større endringar ved denne ordninga.

Fylkesrådmannen vil i tida frametter sjå nærare på dei tre ulike tilskotsordningane. I gjennomgangen vil ein i særleg grad søkje å finne kva type områder ein kan gjere ordningane meir funksjonelle og effektive. Det er her nærliggjande å sjå til andre fylkeskommunar, for å høyre korleis deira tilskotsordningar vert handtert. Fylkesrådmannen vil komme attende til FTU med ei sak når dette er gjennomført.



Arkivnr: 2014/1230-48  
Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	9/14	03.12.2014

### Søknad om tilskot til "Gladkontroll" i regi av TSU Nordhordland

#### Samandrag

TSU Nordhordland søker om tilskot til gjennomføring av «Gladkontroll» i Nordhordland i oktober. Det vert søkt om støtte på 10.000,- kroner til innkjøp av ulike effektar som kan delast ut på kontrollen.

#### Forslag til vedtak

TSU Nordhordland vert tildelt tilskot på 10.000 kr til «Gladkontroll».

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 24.09.2014**

TSU Nordhordland søker om tilskot til gjennomføring av «Gladkontroll» i Nordhordland i oktober. Det vert søkt om støtte på 10.000,- kroner til innkjøp av ulike effektar som kan delast ut på kontrollen.

Søknaden sin budsjettoversikt:

<b>Type midlar</b>	<b>Inntekt</b>	<b>Utgifter</b>
Diverse sikkerhetsutstyr:		10.000,-
Refleksvester		
Beltesamlere		
Sittepute		
Barneseter		
<i>Søknadssum</i>	Kr 10.000,-	Kr 10.000,-
<b>Sum</b>		

Tiltaket er eit samarbeidsprosjekt mellom lokal lensmann, brannvesenet, ambulansetenesta og Trygg Trafikk. Kontrollen vil ha eit spesielt fokus på informasjon og vegleiing om sikring av barn i bil, sikring av last, lett tilgang til refleksvest og sikring av vaksne.

I søknaden vert det opplyst at målet med prosjektet er: *Å skape gode relasjonar til politi og kontrollerende myndighet. Vi ønsker å gi god informasjon og veiledning til lokalbefolkningen om sikring i bil, og på den måten skape et tryggere trafikkbilde.*

**Fylkesrådmannen sine kommentarar:**

Fylkesrådmannen synes det er svært positivt at det lokalt vert teke initiativ til og gjennomført haldningsskapande trafikksikringstiltak, og i Nordhordland er TSU Nordhordland ein viktig pådrivar for dette. Denne tilskotsordninga er meint til å stø opp om slike initiativ, og fylkesrådmannen rår til at TSU Nordhordland får tildelt 10.000,- kroner i tilskot.





## Søknad om tilskot til trafikksikringstiltak

Adresse: Hordaland fylkeskommune, Sentralarkiv, Postboks 7900, 5020 Bergen  
 Elektronisk adresse: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
 Søknad merkast med: ”Tilskot til lokale arrangement – søknad om tilskot (FTU) – ref. 2014/1230”

Stad og dato:.....Knarvik 23.09.2014.....

Søknaden gjeld: Set kryss:

1. Fotgengarar og syklistar	
2. Barnehage og barneskule	
3. Ungdomsskule og vidaregåande skule	
4. Eldre	
5. Produkt/refleksar	x
6. Kampanjar	x

<b>Namn på tiltaket</b> «Gladkontroll»	
<b>Namn på søkjar</b> TSU Nordhordland	<b>Organisasjonsnummer</b> 899 303 342
<b>Adresse</b> Stølen 16	<b>Postnummer og poststad</b> 5911 Alversund
<b>Kontaktperson</b> Gunn-Torhild Ramslie	<b>Telefon</b> 45440323
<b>E-post</b> <a href="mailto:gunn-torhild.ramslie.lindas.kommune.no">gunn-torhild.ramslie.lindas.kommune.no</a>	<b>Kontonummer</b> 3632.54.49599
<b>Totalkostnad</b> Kr 10.000,-	<b>Søknadssum</b> Kr 10.000,-
<b>Skildring av prosjektet</b> (maks ei halv side)	
<p>I samhandling med lokal lensmann, stanser vi biler langs veien og gjennomføre en positiv- kontroll. Vi minner trafikanter på god holdninger til sikring i bil.</p> <p>Spesielt fokus på informasjon og veiledning om sikring av barn i bil, sikring av last, tilgang til refleksvest, sikring av voksne osv.</p>	

<b>Kva er målet med prosjektet?</b> Målet med prosjektet er å skape gode relasjonar til politi og kontrollerende myndighet. Vi ønsker å gi god informasjon og veiledning til lokalbefolkningen om sikring i bil, og på den måten skape et tryggere trafikkbilde.	
<b>Samarbeidspartnarar –korleis tek dei del i prosjektet?</b> Dette er et samarbeid mellom Ambulanse, Politi, Brann og Trygg Trafikk. Alle er med på selve gjennomføringen av kontrollen, og veiledningen	
Har det vore søkt om midlar til dette tiltaket tidlegare? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	
<b>Planlagt start</b> 03.10.2014	<b>Planlagt slutt</b> 10.10.2014
<b>Namn på kommune(ar) og stad(er) der prosjektet skal gjennomførast</b> Lindås kommune og Meland kommune	

### Budsjett med finansieringsplan; spesifiser inntekter og utgifter:

Type midlar	Inntekt	Utgifter
Diverse sikkerhetsutstyr:		10.000,-
Refleksvester		
Beltesamlere		
Sittepute		
Barneseter		
<i>Søknadssum</i>	Kr 10.000,-	Kr 10.000,-
<b>Sum</b>		

Alle finansieringskjelder (som egne midlar, kommunale, fylkeskommunale, statlege og private tilskot og gåver) skal spesifiserast. Budsjettet skal balansera.

Søkjara som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport/status for bruk av tilskotet, samt eit rekneskap. Dette skal gjerast innan 2 månader etter arrangementet er avslutta. Dersom rapport/status ikkje er levert innan fristen er det grunnlag for at evt. søknad til neste år ikkje vert handsama. Om søknaden ikkje er fullstendig utfyllt eller det manglar relevante vedlegg, kan det også ventast at han ikkje vert handsama.



Arkivnr: 2014/1230-50  
Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	10/14	03.12.2014

### Søknad om tilskot til Ettetankens dag – Hordaland 2015

#### Samandrag

Ettetankens dag Hordaland søker om tilskot til arrangementet *Ettetankens dag – Hordaland 2015*, den 18. januar 2015. Dette er eit årleg arrangement der alle pårørande og etterlatte etter omkomne i Hordaland det siste året (2014) vert invitert til ei minnemarkering. Det vert søkt om støtte på 90.856,- kr til arrangementet.

#### Forslag til vedtak

Ettetankens dag – Hordaland 2015 vert tildelt tilskot på 90.856 kr arrangementet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 21.11.2014****Bakgrunn**

Ettertankens dag Hordaland søker om tilskot til arrangementet *Ettertankens dag – Hordaland 2015*, den 18. januar 2015. Dette er eit årleg arrangement der alle pårørande og etterlatne etter omkomne i Hordaland det siste året (2014) vert invitert til ei minnemarkering. Det vert søkt om støtte på 90.856,- kr til arrangementet.

**Om arrangementet**

Arrangementet er eit samarbeidsprosjekt mellom 15 ulike etatar og organisasjonar i Hordaland. Dette er eit årleg arrangement, og same type minnemarkeringar vert og gjennomført i dei andre fylka i Noreg.

Som det går fram av søknaden er arrangementet todelt. Fyrst ei samling der pårørande, inviterte og samarbeidspartnarar møtes til eit måltid. Deretter er det ei minnemarkering i kyrkja, og denne delen av arrangementet er ope for alle.

**Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Ønskje bak ei slik samling er å på ein konkret måte vise dei pårørande og etterlatne at ein står saman med dei i sorga, og fylkesrådmannen ser dette arrangementet som er ein viktig del av det totale trafikksikringsarbeidet i fylket. Ut frå dette støyr difor fylkesrådmannen oppunder arrangementet, og rår til at *Ettertanken dag - Hordaland* får tildelt 90.856,- kr i tilskot.

**Fra:** kjell@jensens-transport.no  
**Sendt:** 28.08.2014 23:01:04  
**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak  
**Kopi:** Lise Ådlandsvik

**Emne:** Søknad om tilskot til trafikksikringstiltak - Ettetankens dag 2015  
**Vedlegg:** soknad FTU Ettetankens dag 2015.docx  
Vedlagt følger søknad om tilskudd til Ettetankens dag 18. januar 2015.

Søknadsbeløpet til neste års arrangement blir høyere enn tidligere år, da vi tidligere har brukt en god del av vår egenkapital.

Med beste hilsen  
Kjell Sandvik Jensen  
Tlf.: 906 47 422



## Søknad om tilskot til trafikksikringstiltak

Adresse: Hordaland fylkeskommune, Sentralarkiv, Postboks 7900, 5020 Bergen  
Elektronisk adresse: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
Søknad merkast med: ”Tilskot til lokale arrangement – søknad om tilskot (FTU) – ref. 2014/1230”

Stad og dato:.....Bergen, 28. august 2014.....

Søknaden gjeld: Set kryss:

1. Fotgjenngarar og syklistar	
2. Barnehage og barneskule	
3. Ungdomsskule og vidaregåande skule	
4. Eldre	
5. Produkt/refleksar	
6. Kampanjar	x

<b>Namn på tiltaket</b> Ettertankens dag - Hordaland	
<b>Namn på søkjar</b> Ettertankens dag - Hordaland	<b>Organisasjonsnummer</b> 996.632.873
<b>Adresse</b> Kjell Sandvik Jensen Saudalskleivane 141	<b>Postnummer og poststad</b> 5136 Mjølkeråen
<b>Kontaktperson</b> Kjell Sandvik Jensen (kasserer)	<b>Telefon</b> 906 47 422
<b>E-post</b> kjell@jensens-transport.no	<b>Kontonummer</b> 3745.30.39871
<b>Totalkostnad</b> Kr 90.856	<b>Søknadssum</b> Kr 90.856 (tidligere har vi benyttet en del av egenkapitalen til arrangementet)

### Skildring av prosjektet (maks ei halv side)

#### Ettertankens dag – Hordaland.

Alle pårørende og etterlatte etter omkomne i trafikken siste året blir invitert til en minnemarkering. Markeringen starter ved at pårørende, inviterte og samarbeidspartnere møtes til et måltid. Her er det velkomstord (vanligvis fra ordfører i Bergen), musikkinnslag og noen hilsener. Etter måltidet møtes alle i kirken (åpen for alle som ønsker å være med). Her er selve minnemarkeringen, med muntlige innlegg, sang og musikk. I etterkant er det åpent for samtaler med offentlige personer, andre som er i samme sorg eller med samarbeidspartnerne. De etterlattes familie blir tatt hånd om av samarbeidspartnerne som fungerer som verter fra ankomst til arrangementets avslutning.

Mange offentlige personer blir invitert. Vi har alltid hatt med personer fra Storting/Regjering, Fylkesmannen, fylkespolitikere, kommunepolitikere, politimester, brannsjef, regionvegsjef, biskop eller domprost m.fl., samt kor/korps. I 2015 blir det korps.

<p><b>Kva er målet med prosjektet?</b>          Ettertankens dag: Samle pårørende og etterlatte etter omkomne i trafikken. Visa at vi er der for dem; vise at det er noen som bryr seg. Pårørende får komme sammen med andre som deler samme sorg. De får ta opp spørsmål de ønsker med offentlige personer.</p>	
<p><b>Samarbeidspartnarar –korleis tek dei del i prosjektet?</b>          Samarbeidspartnere i arrangementet: Autoriserte Trafikkskolers Landsforbund (ATL), Bergen Brannvesen, Bergen Kommune Trafikketaten, Bjørgvin Bispedømme, Fylkesmannen i Hordaland, Gjensidige Forsikring, Helse Bergen ved ambulansetjenesten Haukeland Universitetssykehus, Hordaland Politidistrikt, Hordaland Fylkeskommune, Norges Lastebileier-Forbund (NLF), Norges Automobil-Forbund (NAF), Norges Motorsykkel Union (NMCU), Norsk Luftambulans (NLA), Statens Vegvesen, Trygg Trafikk (T.T.).</p> <p>Samarbeidspartnerne deltar aktivt i prosjektet.</p>	
<p><b>Har det vore søkt om midlar til dette tiltaket tidlegare?</b>      <input checked="" type="checkbox"/> Ja      <input type="checkbox"/> Nei</p>	
<p><b>Planlagt start</b> Søndag 18. januar 2015</p>	<p><b>Planlagt slutt</b> Søndag 18. januar 2015</p>
<p><b>Namn på kommune(ar) og stad(er) der prosjektet skal gjennomførast</b> Bergen Kommune / Hordaland Fylke</p>	

**Budsjett med finansieringsplan; spesifiser inntekter og utgifter:**

Type midlar	Inntekt	Utgifter
Annonser BT og BA		15.000
Kostnader minnemarkeringen		30.000
Blomster		6.000
Musikk under middag og minnemarkering		10.000
Evaluering		4.000
Data		3.856
Regnskapsføring		2.500
Diverse		1.500
Møteutgifter		4.000
Prosjektutvikling		10.000
Lyd		4.000
Støtte fra FTU	90.856	
<i>Søknadssum</i>		90.856
<b>Sum:</b>	90.856	90.856

Alle finansieringskjelder (som egne midlar, kommunale, fylkeskommunale, statlege og private tilskot og gáver) skal spesifiserast. Budsjettet skal balansera.

Søkjara som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport/status for bruk av tilskotet, samt eit rekneskap. Dette skal gjerast innan 2 månader etter arrangementet er avslutta. Dersom rapport/status ikkje er levert innan fristen er det grunnlag for at evt. søknad til neste år ikkje vert handsama. Om søknaden ikkje er fullstendig utfyllt eller det manglar relevante vedlegg, kan det også ventast at han ikkje vert handsama.







Arkivnr: 2014/555-18

Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	11/14	03.12.2014

## Trafikksikker kommune - prosjektplan for tre pilotkommunar og fylkeskommunen

### Samandrag

Prosjektet Trafikksikker kommune er etablert av Trygg Trafikk, og er eit viktig tiltak både i *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2014-2017* og *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017*. Prosjektet sitt innhald og mål er å sertifisere kommunar til å verte klassifisert som trafikksikker kommune. For å kunne verte sertifisert må ein kunne oppfylle eit sett kriteria som er omfattande og femnar bredt i alle ledd i organisasjonen.

I gjeldane handlingsplan har fylkeskommunen sett trafikksikringsarbeid i kommunane som eit av tre satsingsområde, og prosjektet trafikksikker kommune er eit av tiltaka. I handlingsplanen er det sett som resultatmål å sertifisere 10 kommunar i løpet av planperioden. Dette er eit ambisiøst mål.

Fylkesrådmannen legg med dette fram forslag til prosjektplan for korleis fylkeskommunen og Trygg Trafikk Hordaland skal arbeide for å sertifisere dei tre fyrste trafikksikre kommunane i Hordaland, samt korleis Trafikksikker kommune-prosjektet skal kunne implementerast i fylkeskommunen, slik at fylkeskommunen skal kunne sertifiserast som «trafikksikker fylkeskommune».

### Forslag til vedtak

1. Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) gjev si tilslutning til prosjektplan for Trafikksikker kommune, Hordaland.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til peike ut ein kommunal representant til styringsgruppa.
3. Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) opnar for at Trygg Trafikk Hordaland i løpet av prosjektperioden kan få auke tilskotet til aktivitetsmidlar om det er trong for ytterelgare midlar inn i prosjektet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 25.11.2014

### Bakgrunn

Prosjektet Trafikksikker kommune er etablert av Trygg Trafikk, og er eit viktig tiltak både i *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2014-2017* og *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017*. Prosjektet er systembasert og har som sitt innhald og mål å sertifisere kommunar til å verte klassifisert som trafikksikker kommune. For å kunne verte sertifisert må ein kunne oppfylle eit sett kriteria som er omfattande og femnar breidt i alle ledd i organisasjonen.

I gjeldane handlingsplan har fylkeskommunen sett trafikksikringsarbeid i kommunane som eit av tre satsingsområde, og prosjektet trafikksikker kommune er eit av tiltaka. I handlingsplanen er det sett som resultatmål å sertifisere 10 kommunar i løpet av planperioden. Dette er eit ambisiøst mål.

Fylkesrådmannen legg med dette fram forslag til prosjektplan for korleis fylkeskommunen og Trygg Trafikk Hordaland skal arbeide for å sertifisere dei tre fyrste trafikksikre kommunane i Hordaland, samt korleis Trafikksikker kommune-prosjektet skal kunne implementerast i fylkeskommunen, slik at fylkeskommunen skal kunne sertifiserast som «trafikksikker fylkeskommune».

### Pilotprosjekt for trafikksikker kommune - prosjektplan

Å verte sertifisert som trafikksikker kommune skal vere ei tillitserklæring og eit kvalitetsstempel på at trafikksikringsarbeidet i kommunen er høgt prioritert i alle einingar i kommunen.

Prosjektplanen som er vedlagt tek i hovudsak føre seg pilotprosjektet og inneheldt følgjande:

- Mål og rammer
- Prosjektorganisering
- Kommunar og val av pilotkommunar
- Økonomiske rammer
- Fasar, milepælar og hovudaktivitetar

Prosjektet bygger på Trygg Trafikk sine kriteria for kva ein trafikksikker kommune er, og korleis kommunane bør arbeide. Kriteria byggjer på gjeldande lovar og forskrifter. Dette går på organisering av arbeidet, oppfølging og ansvarlegging innanfor dei ulike sektorane i kommunen, med rådmann og ordfører som øvste ansvarleg.

Sjå eiga hefte og nettside ( <http://www.tryggtrafikk.no/tema/trafikksikker-kommune/> ) for meir informasjon om ordninga.

Prosjektet vil starte med ein pilot i tre kommunar med ei lengd på omlag eitt år. Målet er at pilotkommunane er sertifisert i løpet av 2015. Ein sertifisering skal vere gyldig i 3 år. Prosjektgruppa foreslår at prosjektet vert prøvd i tre ulike kommunar, både når det gjelder størrelse og geografi, slik ein kan hauste verdifull erfaring for vidareføring av prosjektet til fleire kommunar i Hordaland.

Prosjektet omfattar og korleis Hordaland fylkeskommune kan verte ein Trafikksikker fylkeskommune. Ettersom dette ikkje er eit etablert konsept, så skal ein i prosjektet kartlegge korleis dette skal kunne implementerast. Dette inneber mellom anna at kriteria må utarbeidast og ein må velje strategi/plan for implementeringa. Fyrste steget i å sertifisere fylkeskommunen er altså å utarbeide kriteria for fylkeskommunalt nivå, og dernest finne ei ordning på korleis sertifiseringa skal skje. Kriteria for fylkeskommunen må vere av nasjonal art, og det ligg difor til Trygg Trafikk sentralt å utarbeide desse.

### Økonomi

I Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 er det setta av 1 mill kr i planperioden til prosjektet Trafikksikker kommune. Ettersom det er sett eit mål om 10 trafikksikre kommunar i løpet av perioden, så ligg det til grunn at kvar av desse kommunane får tildelt 100.000,- kr i stimuleringsmidlar til å implementere ordninga. Stimuleringsmidlane skal nyttast til å styrke kommunane sitt trafikksikringsarbeid, men prosjektorganisasjonen anbefalar at det ikkje vert stilt eksplisitte krav til korleis dette skal gjerast. Det vil likevel vere naturleg å anbefale at midlane vert nytta til trafikantretta tiltak, og ikkje til fysiske tiltak på vegnettet.

Trygg Trafikk Hordaland og Hordaland fylkeskommune sin ressursbruk i vil i hovudsak vere rådgjeving/retteiing gjennom sertifiseringsprosessen. Det kan likevel komme til administrative utgifter, og særskilt prioritering av pilotkommunane i samband med Trygg Trafikk sitt tilbod om kurs, materiell, obs. Denne type utgifter til prosjektet vil i så tilfelle verte å dekkja over Trygg Trafikk Hordaland sine årlege aktivitetsmidlar. Nemnde aktivitetsmidlar er eit årleg tilskot frå FTU til Trygg Trafikk Hordaland. Dette inneber at om det i løpet av pilotprosjektet skulle vere trong for ekstra midlar på administrativt nivå til å kunne gjennomføre prosjektet, så kan Trygg Trafikk Hordaland søkje FTU om å få auke tilskotet til aktivitetsmidlar for 2015.

Piloten vil med det avdekke kva trong det vil vere for økonomisk bistand, og dernest gje eit grunnlag for eit meir presisert budsjett for Trygg Trafikk sine aktivitetsmidlar dei kommande åra.

#### **Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Prosjektplanen for Trafikksikker kommune tydeleggjer mål, føremål og framdrift for prosjektet. Samtidig er prosjektgruppa open for at prosjektet må justerast noko etterkvart som piloten vert gjennomført og evaluert. Fylkesrådmannen rår til at FTU godkjenner prosjektplanen for Trafikksikker kommune.

Som punkta over viser krev det både politisk vilje og organisatoriske grep å implementere sin status som innfrir sertifiseringskrava. For nokre kommunar vil dette generere mykje arbeid over lengre tid, medan det for andre vil vere ein langt enklare prosess. Gjennom pilotprosjektet med dei fyrste kommunane i Hordaland som har takka ja til å verte trafikksikker kommune vil fylkeskommunen få meir kjennskap til kva som krevs for at ein dette prosjektet kan kunne implementerast i ein fylkeskommunal organisasjon.

# Trafikksikker kommune, Hordaland

## Prosjektplan



**TRYGG TRAFIKK**



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**



# Innhold

<b>Innhold</b> .....	<b>1</b>
<b>Mål og rammer</b> .....	<b>2</b>
Bakgrunn og mandat .....	2
Føremål og mål .....	2
Målgruppe .....	3
Mål .....	3
<b>Prosjektorganisering</b> .....	<b>3</b>
Oppdragsgjevar/prosjekteigar .....	3
Prosjektansvar/styringsgruppe .....	4
Prosjektleiing .....	4
Prosjektgruppe .....	4
<b>Kommunar</b> .....	<b>5</b>
Val av pilotkommunar .....	5
<b>Økonomiske rammer</b> .....	<b>5</b>
<b>Fasar, milepælar og hovudaktivitetar</b> .....	<b>6</b>

## Mål og rammer

Denne prosjektplanen er ein omtale av mål, organisering og rammer for gjennomføring av prosjektet Trafikksikker kommune. Dette er fyrste fase i implementeringa av trafikksikker kommune prosjektet i Hordaland, og tidsperioden er sett til 2014-2015.

Prosjektet er todelt der det eine delprosjektet er arbeidet med sertifiseringa av 3 pilotkommunar, medan det andre er utarbeidinga av kriteria og prosessen fram for å sertifisere fylkeskommunen.

## Bakgrunn og mandat

Bakgrunn for prosjektet er omtalt i Handlingsprogram for trafikksikring i Hordaland 2014-2017:

*"For å styrke føresetnadene for eit godt og heilskapleg trafikksikringsarbeid i kommunane, har Trygg Trafikk utarbeida eit sett kriteria som kommunar må oppfylle for at dei skal kunne kalle seg «trafikksikker kommune». Hordaland fylkeskommune ønskjer å vere ein pådrivar for at kommunar i Hordaland vert sertifisert som «trafikksikker kommune».*

*Det vert sett som eit mål for Handlingsplan for trafikksikring 2014-2017 at minimum 10 kommunar vert sertifisert som «trafikksikker kommune» i løpet av planperioden.»*

## Føremål og mål

Føremålet med prosjektet er å styrke det kommunale trafikksikringsarbeidet gjennom å implementere ordninga Trafikksikker kommune i Hordaland. Ordninga er eit verktøy for å etablere eit sektorovergripande trafikksikringsarbeid som er forankra i kommunen si øvste leiing.

Ordninga er eit viktig ledd i arbeidet om å nå måla i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2014-2017, samt Handlingsprogram for trafikksikring i Hordaland 2014-2017. Gjennom å styrka det kommunale trafikksikringsarbeidet vil vi kunne bidra til at dei ulike tilstandsmåla i tiltaksplanen vert nådd. I tillegg er det eit eige mål i den nasjonale tiltaksplanen at det innan 2017 skal vere minst tre «trafikksikre kommunar» pr. fylke. Hordaland fylkeskommune har i sin handlingsplan sett som mål at det vert sertifisert 10 «trafikksikre kommunar» i løpet av perioden, og dette prosjektet er ein pilot for å sertifisere dei tre fyrste kommunane i fylket i løpet av 2015.

Prosjektet bygger på Trygg Trafikk sine kriteria for kva ein «trafikksikker kommune» er, og korleis kommunane bør arbeide. Kriteria byggjer på gjeldande lovar og forskrifter. Dette går på organisering av arbeidet, oppfølging og ansvarleggjering innanfor dei ulike sektorane i kommunen, med rådmann og ordførar som øvste ansvarlege.

Sjå eige hefte og nettside (<http://www.tryggtrafikk.no/tema/trafikksikker-kommune/>) for meir info om kriteria.

I tillegg er det eit føremål med prosjektet å arbeide fram eit grunnlag for å kunne å sertifisere Hordaland fylkeskommune som Trafikksikker fylkeskommune. Det ligg p.t. ikkje føre fastsette kriteria for fylkeskommunar som ønskjer å sertifisere seg, og dette arbeidet må skje via Trygg Trafikk ettersom det er Trygg Trafikk som står bak konseptet. Ettersom FTU ønskjer å implementere ei slik ordning i fylkeskommunen, må det difor utarbeidast kriteria og velje strategi/plan for implementering på same tid som sertifiseringsprosessen skjer i dei tre pilotkommunane. Fyrste steget i å sertifisere fylkeskommunen er altså å utarbeide kriteria, og dernest legge fram ein plan på korleis sertifiseringa skal skje.

## Målgruppe

Alle innbyggjarar som bur i kommunane vil indirekte vere i kontakt med prosjektet, men det er kommunen og etter kvart fylkeskommunen som organisasjon som er primærmålgruppe.

## Mål

### Effekt mål pilotkommunar

- Kommunen har kontinuerleg oversikt over ulukkessituasjonen i kommunen
- Trafikksikringsarbeidet er jamleg på dagsorden i kommunen si leiing
- Aktivitetar for å styrke trafikktryggleiken er gjennomgåande innanfor alle dei sentrale ansvarsområda hjå kommunen
- Kommunen oppfyller krav i lovar og forskrifter som er relevante for trafikksikringsarbeidet
- Det er ei klar ansvarsfordeling og rutinar for gjennomføring av aktivitetar og rapportering innerter i kommunen
- Kommunen har eit systematisk samarbeid med andre trafikksikringsaktørar

### Effekt mål fylkeskommunen

- Trafikksikker fylkeskommune er godt forankra på alle nivå i fylkeskommunen
- Organisasjonen står samla om å gjennomføre sertifiseringa

### Resultat mål pilotkommunar

Mål for dei aktivitetane prosjektet skal gjennomføre:

- Sertifisering av tre «Trafikksikre kommunar» innan utgangen av 2015
- Kommunane oppfyller kriteria som er fastsett for å verte sertifisert

### Resultat mål fylkeskommunen

- Kriteria for «Trafikksikker fylkeskommune» er definert
- Plan for implementeringa er utarbeidet

# Prosjektorganisering

## Oppdragsgjevar/prosjekteigar

Oppdragsgjevar og eigar av prosjektet er Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU).

Prosjekteigar skal:

- Godkjenne prosjektplan med budsjett og val av pilotkommunar
- Godkjenne eventuelle endringar vedkommande økonomiske rammer
- Særskilt for «Trafikksikker fylkeskommune»; godkjenne plan for sertifisering

### **Prosjektansvar/styringsgruppe**

Av praktiske og faglege grunnar er det ønskeleg med ei styringsgruppe som kan følgje opp prosjektgruppa noko tettare enn kva FTU har høve til.

Styringsgruppa består av:

- Håkon Rasmussen, fylkesdirektør samferdsel, Hordaland fylkeskommune (leiar)
- Tori Grytli, fagsjef, Trygg Trafikk
- I tillegg er det ønskelig å få med ein kommunal representant i styringsgruppa (deltakar frå ein kommune som ikkje deltek i pilotprosjektet)

Styringsgruppa skal:

- Sørge for at prosjektet får nødvendig bemanning
- Gje råd i problemstillingar som prosjektleiar tek opp
- Godkjenne og signere formelle avtalar (v/ leiar)
- Følgje med på prosjektet si framdrift
- Godkjenne vesentlege endringar i prosjektet slik som omtalt i denne planen
- Sørge for at prosjektet vert gjennomført i samsvar med prosjektplan og politiske vedtak

Når prosjektplan og prosjektorganisasjon er etablert vil FTU framleis vere ein viktig fagleg rådgjevar til prosjektorganisasjonen. Det er FTU som fattar endelege vedtak vedkommande prosjektet.

FTU skal verte orientert om framdrifta i prosjektet kontinuerlig/regelmessig.

### **Prosjektleiing**

Prosjektleiinga vert lagt til Trygg Trafikk ved Øivind Hauge Støle, distriktsleiar Hordaland. Prosjektleiar har i samarbeid med prosjektgruppa ansvar for å utforme og gjennomføre prosjektet.

Prosjektleiar har ansvar for:

- Rapportere på prosjektplan til styringsgruppe og prosjekteigar
- Sørge for nødvendig forankring av prosjektet samt godkjenning av prosjektplan
- Saman med prosjektgruppa sørge for framdrift og gjennomføring
- Informere styringsgruppa jamleg, samt ta opp eventuelle avvik når dei hender

### **Prosjektgruppe**

- Øivind Hauge Støle, Trygg Trafikk Hordaland
- Lise Ådlandsvik, samferdselsavdelinga Hordaland fylkeskommune
- Else-Marie B. Aarø, regionalavdelinga Hordaland fylkeskommune



Prosjektgruppa sine oppgåver er:

- Spesifisere oppgåver som skal gjennomførast i prosjektet
- Rettleie kommunane i deira arbeid
- Bidra med kompetanse på eigne fagområde
- Sørgje for at oppgåver vert gjennomført/ gjennomføre definerte oppgåver
- Ha oversikten over økonomien i prosjektet

## Kommunar

Kommunane er hovudaktørane i prosjektet, og kommunen sitt arbeid er avgjerande for at måla skal kunne verte nådd. I pilotprosjektet vert det valt ut tre kommunar som skal vere ein del av prosjektet.

Kommunane som deltek må signere ein avtale om at dei er med i pilotprosjektet og kva det inneber av oppgåver for kommunen. Nærare kriteria vert omtalt i avtalen. Deltaking i prosjektet skal forankrast hjå ordførar og i administrativ leiinga.

### Val av pilotkommunar

Føremålet med piloten er å teste ut korleis ordninga vil/kan ta form i kommunane og hauste erfaringar frå denne gjennomkøyringa. Kommunane Vaksdal, Lindås og Austrheim er spurt, og alle tre stiller seg positiv til å delta som pilotkommunar.

I utveljinga av pilotkommunar er følgjande blitt vektlagt:

- Ulik storleik og geografisk plassering av kommunane
- Interesse frå kommunane sjølv
- Gjennomføringsevne – det må være mogleg å gjennomføre prosjektet i løpet av tidsestimaten

## Økonomiske rammer

I Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 er det sett som mål å sertifisere 10 «trafikksikre kommunar» i planperioden. Totalt er det sett av 1 mill kr til Trafikksikker kommune i denne fireårsperioden, noko som inneber at det er sett av kr 100 000 i stimuleringsmidlar til kvar kommune som vert sertifisert.

Det vert foreslått å utbetale stimuleringsmidlar til kommunane etter følgjande ordning:

- Kr 25 000 ved signert intensjonsavtale
- Kr 75 000 ved sertifisering

Stimuleringsmidlane skal nyttast til å styrke kommunane sitt trafikksikringsarbeid, men prosjektorganisasjonen anbefaler at det ikkje vert stilt eksplisitte krav til korleis dette skal gjerast. Det vil likevel vere naturleg å anbefale at midlane vert nytta til trafikantretta tiltak, som for eksempel:

- Kompetansehevingstiltak innanfor eigen organisasjon
- Innkjøp av materiell/tryggleiksutstyr

- Informasjons-/formidlingstiltak retta mot innbyggjarane og særskilt utsette grupper

Om det er trong for ytterlegare midlar til gjennomføring av prosjektet vil det bli lagt fram som eiga sak i FTU.

## Fasar, milepælar og hovudaktivitetar

Pilotprosjektet vil gå over litt meir enn eitt år og vert delt opp i tre fasar som er omtalt ytterlegare under. Målet er at pilotkommunane er sertifisert i løpet av 2015, og at grunnlaget er lagt for implementering av «Trafikksikker fylkeskommune».

Sjå oversikt over dei ulike fasane i piloten i tabellane under. Tabell 1: *Aktivitetsplan for gjennomføring av prosjektet hjå pilotkommunane* gjelder sertifisering av pilotkommunar, medan Tabell 2: *Aktivitetsplan for gjennomføring av prosjektet hjå fylkeskommunen* gjeld utarbeiding av grunnlag for sertifisering av fylkeskommunen.

Tabell 1. Aktivitetsplan for gjennomføring av prosjektet hjå pilotkommunane.

FASE – Tidsbruk	Mål	Milepæl	Aktivitetar	Avslutning
<b>1 – Oppstart</b> Desember 2014 – februar 2015	<ul style="list-style-type: none"> <li>Førebuing og oppstart av prosjekt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Val av kommunar i pilot</li> <li>Godkjenning av prosjektplan i FTU</li> <li>Avtale med kommunar om pilot</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utarbeide prosjektplan og etablere prosjektorganisasjon</li> <li>Vedta prosjektplan i FTU</li> <li>Møte kommunar – stø oppunder med å forankre prosjektet</li> <li>Inngå avtalar med kommunane</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Når prosjektplan er godkjent og avtale med pilotkommunar er inngått.</li> </ul>
<b>2 – Gjennomføring</b> Mars – november 2015	<ul style="list-style-type: none"> <li>Implementere ordninga i pilotkommunane. Følgje opp kommunane og gje rettleiing i prosessen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomført nullpunkt-kartlegging</li> <li>Midtveis status for prosjektet til FTU (september)</li> <li>Kriteria for «trafikksikker kommune» er oppfylt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunar utarbeidar ein plan for gjennomføring</li> <li>Fortløpande bistand til kommunane i arbeidet</li> <li>Markering ved fullført prosjekt i kommunen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Når kriteria er oppfylt i pilotkommunane</li> </ul>
<b>3 – Evaluering</b> Desember 2015	<ul style="list-style-type: none"> <li>Dokumentere erfaringar for å planlegge prosjektet vidare</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Evaluering i pilotkommunar</li> <li>Sluttrapport for pilot – forslag til vidareføring</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Sluttevaluering – kva er status mot. erfaringar; gjennomføring, nytte/gevinst, ressursbruk, samarbeid, etc.</li> <li>Utarbeide sluttrapport</li> <li>Leggje fram forslag til FTU om korleis ordninga bør vidareførast</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Når evaluering og sluttrapport er overlevert oppdragsgevar.</li> </ul>

Tabell 2: Aktivitetsplan for gjennomføring av prosjektet hjå fylkeskommunen.

Fase – Tidsbruk	Mål	Milepæl	Aktivitetar	Avslutning
<b>1 – Oppstart</b> Desember 2014 – mai 2015	<ul style="list-style-type: none"> <li>Forankre forprosjektet i organisasjonen, identifisere viktigaste ansvarsområde</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Sikre tilslutning til forprosjektet i toppleiinga</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomføre møter med leiarane innanfor ulike einingar, informere om konsept og identifisere ansvarsområder</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Plan for forprosjekt har tilslutning frå fylkesrådmannen</li> </ul>
<b>2 – Gjennomføring</b> Juni – november 2015	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utarbeide og forankre kriteria for «Trafikksikker fylkeskommune»</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tilslutning til kriteria frå FTU</li> <li>Tilslutning til kriteria frå fylkesrådmannen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Trygg Trafikk utarbeidar forslag til kriteria</li> <li>Tilslutning til kriteria i styringsgruppa, FTU og fylkesrådmannen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tilslutning til kriteria i prosjektorganisasjonen og i fylkeskommunen</li> </ul>
<b>3 – Avslutning</b> Desember 2015	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tilslutning til sertifiseringsprosess i fylkeskommunen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Prosjektet legg fram plan for sertifiseringsprosess</li> <li>Fylkesrådmann gjev si tilslutning til sertifiseringsprosess</li> <li>FTU godkjenner plan</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Prosjektet utarbeidar plan for sertifisering</li> <li>Definering av korleis fylkeskommunen skal innfri kriteria, roller, ansvar, oppgåver, tidsplan, ressursbruk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>FTU godkjenner prosjektplan for sertifiseringsprosess</li> </ul>



Arkivnr: 2014/8-12  
Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	12/14	03.12.2014

## Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar for 2014 - nye søknader

### Samandrag

Det er eit ynskje hjå fylkeskommunen at alle kommunane i Hordaland til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar der det går fram kva for utfordringar kommunen har på trafikksikringsområdet gjennom ulukkesstatistikk og kartleggingsarbeid, saman med konkrete forslag til korleis arbeidet skal følgjast opp både gjennom fysiske og trafikantretta tiltak. I gjeldane handlingsplan for perioden 2014-2017 er det sett av totalt 1 mill kr til dette tiltaket. I budsjettet for 2014 er det sett av 500.000 kr.

I 2014 vart søknadsfristen sett til 1. mai, og FTU mottok tilskotssøknader frå kommunane Sund og Fusa. Desse vart handsama i FTU-møte 7. mai, og kommunane fekk tildelt eit tilskot på tilsaman 242.400 kr. Det vart i møte opna for at evt nye søknader for 2014 kunne handsamast på seinare møte.

Kriteria for å få tilskot er at midlane kan gå til mellom anna nødvendig innleige av hjelp til utarbeiding av plan, trykking osv., men ikkje til bruk av kommunale ressursar. Austrheim kommune har søkt om 150.000 kr i tilskot, medan Vaksdal har søkt om 400.000 kr i tilskot. Til saman utgjør dette 550.000 kroner.

### Forslag til vedtak

1. Austrheim kommune får tildelt tilskot på 150.000,- kr. til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.
2. Vaksdal kommune får tildelt tilskot på 200.000,- kr. til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 25.11.2014**

Denne tilskotsordninga har fungert godt dei tre førregående åra, og det er fyrste gong det er eit mindreforbruk på denne posten. I 2014 vart fristen sett til 1. mai, og FTU mottok tilskotssøknader frå kommunane Sund og Fusa. Desse vart handsama i FTU-møte 7. mai, og kommunane fekk tildelt eit tilskot på tilsaman 242.400 kr. Det vart i møte opna for at evt nye søknader for 2014 kunne handsamast på seinare møte.

Austrheim kommune har søkt om 150.000 kr i tilskot, medan Vaksdal har søkt om 400.000 kr i tilskot. Til saman utgjør dette 550.000 kroner. Dette er langt meir enn det ein no har til rådvelde på denne budsjettposten (258.000 kr). Tidlegare tilskotsutbetalingar har i gjennomsnitt lagt på om lag 100.000 kr, og det meste som er utbetalt er tilskotet på 192.000 kr til Fusa kommune tidlegare i år. Ut frå dette så skal det mykje til å gje Vaksdal kommune fullt ut tilsegn på sin søknad på 400.000 kr.

Samstundes viser førebels rekneskap for FTU (4 mill kr i 2014) eit mindreforbruk. Med bakgrunn i at begge desse kommunane etter planen skal vere pilotkommunar for prosjektet Trafikksikker kommune, så er det særleg viktig at kommunane har oppdaterte trafikksikringsplanar som kan leggje grunnlaget for eit godt trafikksikringsarbeid i åra som kjem.

**Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Fylkesrådmannen rår difor til at Austrheim kommune får tildelt tilskot til liks med søknadssummen på 150.000 kr, og Vaksdal kommune får eit tilskot på 200.000 kr. Dette vil då vere det største tilskotet som er utbetalt i denne tilskotsordninga.



Hordaland Fylkeskommune  
postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref.:

Vår ref.:

14/295 - 2 / HTH

Dato:

14.11.2014

## Søknad om midlar til ny kommunal trafikksikringsplan

Austrheim kommune søker med dette om midlar til å utarbeide ny kommunal trafikksikringsplan.

Kommunens gjeldande trafikksikringsplan er frå 2009 og ein ser at denne på fleire område er utdatert. I henhold til kommunens planstrategi er trafikksikringsplanen rullerande, det vil si at den skal reviderast med jamne mellomrom.

Utarbeiding av gjeldande plan var eit samarbeid mellom Austrheim kommune, Trygg Trafikk, Statens Vegvesen, Politiet, FAU Årås skule, Årås skule, FAU Kaland skule, Kaland skule og Asplan Viak. Det var i alt 15 representantar frå dei ulike aktørane. Asplan Viak var innleigd som konsulent og var oppdragsleiarar for prosjektet.

Trafikksikringsplanen frå 2009 var ute på høyring og fekk tilbake 46 innspel til planen. Planen var deretter oppe til handsaming i Austrheim kommunestyre desember 2009. Der blei det fatta eit samrøystes vedtak av prioritering av tiltaka gitt i planen.

Kommunen ser føre seg ei liknande handsaming av neste trafikksikringsplan. Ein lyt engasjere ei arbeidsgruppe som representerer ulike aktørar i kommunen.

Austrheim kommune har fått tilbod frå Trygg Trafikk Hordaland om å bli ein av tre deltakande kommunar i pilotprosjektet "Trafikksikker kommune". Prosjektet er eit samarbeid med fylkeskommunen og skal sikre eit systematisk arbeid for å auke trafikksikkerleiken i kommunane. For å oppnå godkjenninga "Trafikksikker kommune" må kommunen dokumentere at ein arbeider heilheitleg og målretta med trafikksikkerleiken.

Austrheim kommune har eit godt inntrykk av prosjektet og vonar dette er ein god metode å systematisere arbeidet. Prosjektet vil sikre forankring av trafikksikringsarbeidet i større delar av kommunen enn ein tidlegare har oppnådd.

Prosjektet "Trafikksikker kommune" vil krevje ei nytenking innanfor planarbeidet for trafikksikring. Dette, saman med at gjeldande trafikksikringsplan treng revidering, gjer at kommunen ser det som

ein gunstig tidspunkt å fornye planen. Ein ser føre seg at prosjektet "Trafikksikker kommune" vil påverke korleis ein ser på trafikksikringa og planverket for dette.

Austrheim kommune ynskjer å leige inn ein ekstern konsulent for å bidra til planverket. Konsulenten skal bidra med oppdatering av statistikk, innsamling av relevant data, utarbeiding av tiltaksliste med kostnadsberekning og utarbeiding av eit komplett planverk.

Austrheim kommune set ned ei arbeidsgruppe som skal saman utvikle ei ny trafikksikringsplan. Arbeidsgruppa skal utarbeide målsettingane for planverket og trafikksikringsarbeidet, som skal vere styrande for prosessen. For å nå målsettingane, må ein utarbeide ei tiltaksliste. For å kunne prioritere tiltaka, må det utarbeidast kostnadsoversikt til tiltaka. Arbeidsgruppa vil utarbeide eit forslag til prioritering av tiltaka. Det er kommunestyret i Austrheim som endeleg vedtek planen og prioriteringane.

Arbeidsgruppa vil ta seg av det praktiske ved ein eventuell innsamling av data, som til dømes opplevd trafikktryggleik hjå innbyggjarane. Arbeidsgruppa tek seg av annonsering, høyringsprosess og politisk handsaming.

Tabell 1 syner budsjettering på innleigd konsulentteneste. Om kommunen mottar tilskot frå fylkeskommunen, vil dette bidraget gå til å dekke utgiftene ved innleigd konsulent.

**Tabell 1 Framlegg til budsjett for leige av eksterne ressursar**

<b>Art</b>	Konsulentarbeid <ul style="list-style-type: none"><li>- Møter / synfaring</li><li>- Gjennomgang av eksisterande plan</li><li>- Oppdatering statistikk / endra forhold</li><li>- Kartlegging av trafikktryggleik i kommunen</li><li>- Utarbeide føreslag til tiltak og prioritert tiltaksliste</li><li>- Fagleg utarbeiding av rapport, med blant anna kostnadsberekning av dei føreslegne tiltaka</li><li>- Trykk og kopiering av teikningar og planer</li></ul>
<b>Anslått kostnad</b>	Kr 150.000

Austrheim kommune ser føre seg å starte med ny trafikksikringsplan så fort det lar seg gjere. Om ein ikkje møter uforutsette utfordringar eller forsinkingar, set ein som målsetting at planverket skal vere ferdig utarbeida til medio 2015. Ein tar høgde for at ein treng om lag 6 månader totalt. Arbeidet vil starte med innhenting av tilbod frå ulike konsulentar og nedsetting av arbeidsgruppe. Ein vil deretter arbeide systematisk for å utarbeide eit planverk som skal til handsaming i Austrheim kommunestyre og bli politisk forankra i kommunen.

Austrheim kommune søkjer med dette om kr 150.000 i tilskot for å utarbeide ny trafikksikringsplan.



Med helsing

Hilde Tråer Hardang  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN



Hordaland fylkeskommune  
Lise Aadlandsvik  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

**Referanser:**

Dykkar:  
Vår: 14/1496 - 14/6567

**Saksbehandlar:**

Tove Bruvik Erdal  
tove.bruvik.erdal@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

25.11.2014

## Søknad om tilskot til utarbeiding av trafikksikkerhetsplan

Vaksdal kommune er i gang med arbeidet for å revidere trafikksikringsplanen. Dette er tenkt som ei stor oppgradering, frå gjeldande *trafikksikringsplan* til ny *trafikksikkerhetsplan*. Dette inneber at i tillegg til tradisjonelle fysiske trafikksikringstiltak vil planen også omfatte holdningsskapande arbeid med siktemål å påverke og endre forståing og adferd knytt til den svært utfordrande ulykkesituasjonen i kommunen. Både utarbeiding og gjennomføring av plan vil medføre eit arbeid på tvers av tenesteområda i kommunen. I samband med holdningsskapande trafikksikkerheitstiltak har kommunen utarbeidd eiga prosjektskisse, og viser til denne for detaljar. Den viser blandt anna at tverrfaglege og tverretatlege ressursgrupper vil vere viktig rammeverk i arbeidet. Kompetanseutvikling vil vere essensielt.

Kommunen skal arbeide for å verte "trafikksikker kommune". Dette inneber at kommunen i tillegg til trafikksikkerhetsplanen også vil ha dette arbeidsområdet som tema når kommuneplanen sin samfunnsdel vert rullert i næraste framtid.

Måten trafikksikkerhetsarbeidet skal prioriterast og gjennomførast skal vere grunnlag i trafikksikkerhetsplanen, og både fysiske og haldningsskapande tiltak skal vere viktige verkemiddel for å nå målet om at ingen skal verte drepne eller hardt skadde i trafikken.

I samband med utarbeiding av trafikksikkerhetsplanen vil kommunen engasjere konsulent til arbeidet med å førebu innhald og koordinere og gjennomføre prosessane for å samordne dei ulike tiltaka til ferdig trafikksikkerhetsplan.

Til dette arbeidet søker kommunen om tilskot til innleige av hjelp. Innhaldet og omfanget i trafikksikkerhetsplanen er tildels nybrottsarbeid, og me søker om kr. 400.000,- til arbeidet.

Med helsing

Tove Bruvik Erdal  
Kommuneplanleggjar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

**Post**

post@vaksdal.kommune.no  
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

**Kontakt**

www.vaksdal.kommune.no  
Telefon +47 56 59 44 00  
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto  
Org.nr. 961 821 967



**Mottakarar:**

Hordaland fylkeskommune

5020

BERGEN

PS 13/14 Ymse